



FYRESDAL KOMMUNE
Klokkarhamaren 6
3870 FYRESDAL

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato: 20.03.2026
Deres dato: 24.02.2026
Vår referanse: 26/02988-4
Deres referanse: 2026/186-6
Vår saksbehandlar: Hanne Birte Hulløyen

Førehandsuttale til søknad om dispensasjon for etablering av hytteveg i LNF - gbnr. 92/21 og 92/2 - Fyresdal kommune

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 24. februar 2026 om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen i Fyresdal kommune for å bygge atkomstveg over gbnr. 92/21 til fritidsbustad på gbnr. 92/2. Uttalefristen er sett til 24. mars 2026.

Telemark fylkeskommune har fått dispensasjonssøknaden oversend med bakgrunn i vurderinga til kommunen av at dispensasjonen rører ved våre saksområder. I samsvar med plan- og bygningslova (frå no av kalla pbl) § 19-1 skal regionale styresmakter bli høyrde før realitetsbehandling i kommunane.

Bakgrunnen i saka

Tiltaket er søknad om bygging av ca. 300 m lang køyreveg frå eksisterande avkøyrsel på fylkesveg 355 Fyresdalsvegen ned lia vestover mot fritidseigedomen gbnr. 92/2 ved Skredvatn. Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå LNF-formålet i arealdelen og byggeforbodssona på 50 meter frå vassdrag for å kunne realiserast.

Administrasjonen i Fyresdal syner til at kommunen ga dispensasjon i 2022, men at denne er falt bort på grunn av at tiltaket ikkje er satt i gang innafor 3-årsregelen i plan- og bygningslova § 21-9. Jordskifteretten har no søkt kommunen om dispensasjon etter plan- og bygningslova før retten tar stilling i saka.

Kommunen behandlar derfor dispensasjonssøknaden på nytt, og sender saka over til uttale. Kommunen gir uttrykk for at dei vil innstille negativt på dispensasjonssøknaden, men at dei likevel ønskjer ei førehandsuttale frå regionale styresmakter.

Prosess for dispensasjonssaker

Etter pbl § 19-2 andre ledd kan det berre givast dispensasjon viss omsyna bak føresegna det blir dispenserte frå, eller formålsregelen i lova ikkje blir vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjonen vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det kjem fram av lovkommentaren til pbl at det skal tungtvegande grunnar til for å dispensere frå arealplanar, då dei har vorte til gjennom omfattande avgjerdsprosessar og deretter vedtekne av dei øvste

folkevalde organa i kommunen. Vidare kjem det fram at dispensasjonen heller ikkje må undergrave planane som informasjons- og avgjerdsorgan.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Fylkeskommunen har gått gjennom oversendinga, og har følgjande kommentarar til forhold som rører ved våre fagansvar:

Sektor samfunnsutvikling

Seksjon Samfunn og plan

Fritidseigedomen gbnr. 92/2 grenser til Skredvatn. I føresegnene punkt 5.1.1 er det i arealdelen til kommuneplanen fastlagt ei byggjegrænse på 50 meter langs andre vassdrag som Skredvatn. Føresegn 5.1.3 seier: «Der vegar, eksisterande bygg eller liknande ligg nærare vassdraget enn byggjegrænsa, gjeld byggjeforbodssona området mellom inngrepet/tiltaket og vassdraget».

Hensikten med byggjegrænser mot vassdrag er å vareta viktige natur-, kulturmiljø- og friluftinteresser langs vassdraga, som her i Nidelva vassområde. Fylkeskommunen minner om at arealdelen skal fungere som eit overordna styringsverktøy for arealutviklinga i kommunen, og legg til grunn at kommunen gir ei grundig vurdering av dette i dispensasjonsbehandlinga.

Seksjon kultur

Den regionale kulturminneforvaltinga har ingen merknader til oversendinga.

Sektor Samferdsel

Seksjon vegforvaltning og transport

Vegfagleg/vegteknisk:

Etter veglova § [§40](#) og [43](#) er det krav om at det blir søkt om utvida bruk av avkøyring frå fylkesveg. Eit eventuelt løyve blir gitt i samsvar med [forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyringar frå offentleg veg gitt av Vegdirektoratet 16.7.1964](#).

Fylkeskommunen legger til grunn framkomme og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyring frå. Løyve gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkjar må sjølv avklare eigedomsforhold, og innhente nødvendige rettar som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyring, frisktsoner og tilkøyringsveg.

Konklusjon

Telemark fylkeskommune har ut frå regionale og nasjonale interesser, ingen vesentlege merknader til søknaden om dispensasjon. Vi kan i dette tilfellet ikkje sjå at ein dispensasjon er i strid med dei regionale eller nasjonale omsyna vi er sette til å vareta.

Vi legg elles til grunn at kommunen i sitt endelege vedtak vurderer dispensasjonen opp mot vilkåra i lova slik dei kjem fram i pbl § 19-2.

Med vennleg helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleiar
Samfunn og plan

Hanne Birte Hulløen
plankoordinator
hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Saksbehandlar:

Hanne Birte Hulløen - hovudsakbehandlar

tlf. 90 17 67 96

e-post: hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

Knut Fossdal Eskeland - automatisk freda kulturminne

tlf. 40 18 43 57

e-post: knut.eskeland@telemarkfylke.no

Jan Erik Busæt Taylor - nyare tids kulturminne

tlf. 90 25 07 34

e-post: jan.erik.taylor@telemarkfylke.no

Ann-Trine Braaten – samferdsel

tlf. 93 88 78 64

e-post: anntrine.braaten@telemarkfylke.no

Mottakere:

FYRESDAL KOMMUNE

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR
STATENS VEGVESEN